



## Smitteutviklinga i Alver

Rapport for perioden onsdag 5. -11. januar

### Smittetal

Frå onsdag 5. januar. til tysdag 11. januar har **128 personar** har fått påvist koronavirus (med PCR-test) i Alver kommune.

To av desse vart meldt seint tysdag kveld, 4. januar, og er difor med i denne rapporten.

### Aldersfordeling

Aldersfordelinga for tilfella i perioden slik:

Aldersgruppe	Tal på smitta	Prosent av total
Under 5 år	3	2 %
5 - 11 år	21	16 %
12 - 15 år	8	6 %
16 - 17 år	4	3 %
18 - 29 år	39	30 %
30 - 44 år	31	24 %
45 - 64 år	19	15 %
over 65 år	3	2 %

### Smitteveg

Hovudarenaen for smitte er framleis eigen husstand. Dei fleste blir med andre ord smitta av ein dei bur ilag med.

Den andre hovudkategorien er «ukjent smitteveg». Dette betyr at personar som ikkje veit at dei er smittsame, smittar andre dei er i kontakt med.

Utover dette ser vi at ein del personar har fått påvist smitte etter reise i utlandet.

### Utviklingstrekk

Smittetala til Alver har gått litt opp etter jul og nyttår.

Auken er som venta og heilt i tråd med det vi ser elles i Norge.

Vi ventar at smittetala kan auke ytterlegare framover, og oppmodar alle som kan om å ta vaksinen og elles følgje smittevernreglane.